

Rik blåbærhaust også i Uskedalen

25.08.2015



Ivriga plukkarar i Geilo

Oppslag i hovedstadspressa melder om eit fantastisk blåbærår og har intervjuet ein plukkar som har prestert 10 liter på 4 timer. Men det imponerer ikkje Jørgen Jørgensen og Oddlaug Yri Jørgensen i Gamlahuset i Geilo ettersom dei i går plukka 9 kilo på 3 timer ved Leiteshaugane innanfor Fjellandsbø. Andre kan rapportera om enda betre plukkeresultat til dømes i Eikedalen. Til og med på Neset er det store forekomstar av blåbær i år.

Nå gjeld det berre å få tak i bæra, for ekspertane set ho høgt på rangstgen med omsyn til vitamininnhald og antioksidantar. Plukkarane har også merka seg at årets bær er så store og saftige.



Dei er store og saftige i år

Kva er så forklåringa på den nesten sensasjonelt rike blå bærhausten?

Ekspertane peikar her på ein lang og fuktig vår samt god blomstring.

Paret i Geilo er store bærentusiastar og har også molte og tyttebær høgt på plukkelista.

Det er framfor alt i Egersund-området dei opererer. Men dette året vert dei å sjå mykje på våre kantar ettersom dei har fått ein pensjonistbase midt i Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen